

# MØTEPROTOKOLL

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 01 / 2016 Sak til: 09 / 2016	Onsdag 13. januar 2016	Møtestad: Kyrkjelydshuset.
Frammøtte: 5 av 7 medlemmer - 2 varamedlemmer..		

Til stades

**Medlemmer:**  
Kjell Berland, Kjellaug Fauskanger Eidsaa, Nina O. Fauskanger, Solfrid Kongshaug Aase og Reidun Håpoldøy  
**Varamedlem:** Bente Breivik og Einy Daviknes.

**Meldte forfall:**  
Ivar Eidsaa , Anny V. Bekkenes og Astrid Marie Haugland.

Administrasjonen:

Andre frammøtte:

**Sak / år:**

**01/2016: Møteprotokoll frå møte 2.desember vart godkjent.**

**Merknad:** Astrid Marie Haugland har permisjon og difor var gudstenestene  
13.12 ved Arve Hansen Haugland.  
24.12 ved Egil Hjortland.  
25.12 ved Erling Kopperud.

## **02/ 2016: Meldinger:**

Fått takkebrev frå Leif Heggernes om offergåver Han ynskjer seg fleire gjevarar til sitt arbeid. Offersøknad frå Kirkens bymisjon. Dei har vi tildelt offer 17.4.  
På konfirmasjonssøndag i haust skulle offeret gå til ungdomsarbeidet i Askøy. Etter oppfordring vart det forandra til flyktningearbeidet i Syria. Tilsvarande midlar skulle betalast tilbake til ungdomsarbeidet, men pga. god økonomi var det ikkje nødvendig .

## **03/ 2016: Gudstjenesteliste.**

13/12: Lysmesse v/ Arve Hansen Haugland. Konfirmantane deltek. Offer; Skjergardsheimen.  
24/12: Familiegudsteneste v/ Egil Hjortland. Offer: Kirkens nødhjelp.  
25/12: Høgtidsgudsteneste v/ Erling Kopperud.. Offer: Leif Heggernes sitt arbeid.  
\*\*\*\*\*  
10/01: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Karl Johan Hallaråker. Dåp. Offer: Eige arbeid.  
24/01: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Peter Johansen. Nattverd. Offer: Bibelselskapet.  
07/02: kl.11.00: Familiegudsteneste v/ Erling Kopperud.. Dåp. Offer: Eige arbeid.

**04/2016 :Søknad om å kjøpa/overta Herdla kyrkjelydshus:**

**Vedtak:** Det vert tatt opp i fellesrådet om å skriva søknad om å få kjøpa Herdla kyrkjelydshus for ein billeg penge.

**05/2016: Gudstenestetteam:**

Utfordring til neste møte å få personer til å vera med i team. slik at vi får dette i gang. Det vil bli mykje enklare å få planleggja dei einskilte gudstenestene, når vi får i gang gudstenestetteam.

**06/2016: Klokkarteneste:**

Klokkaren vår har permisjon Vi får lønnsmidlane som vert overført til Herdla sokneråd. Vi kan seinare øremerka midlane til nytt kyrkjelydshus.

**07/2016: Info frå Ask Bo og Omsorgsenter:**

Vår representant i styret, Nina O Fauskanger, orienterte om kven som set i styret og dei viktigaste oppgåvene dei har der,

Alle kyrkjelydane er medeigarar og representert i styret. Møter 4 ganger i året.

Orienterte og om aktivitetar og anna på Bo og Omsorgsenteret.

**08/2016: Offerordning/kollekt.**

**Vedtak:** Vi ynskjer å innføre betaling til soknerådskontoen/ offer via SMS/ betalingsterminal/ Vips eller andre betalingsformer utenom kontanter. Her kan administrasjonen utreda dei ulike metodane.

**09/2016: Eventuelt.**

Herdla barnekor har fått kr.8000 frå Askøy kommune.

Frå Sparebanken Vest har dei fått kr.10000.

Koret deltek på gudstenesta 7.2.

Dei deltek også på tårnagenthelga og på sommarbasaren i juni.

KN kontakt er Kjellaug F Eidsaa.

Fasteaksjonen vil Randi Sørhaug hjelpe til med som tidlegare år.

Seminar i Strusshamn kyrkje for alle sokneråd og alle ansatte.

Fredag 29 jan kl 17.00-21.45.

Lørdag 30 jan. kl.9.00-15.00

Kjellaug sender ut mail om den.

### **Felles gjevarteneste til ungdomsarbeid.**

Målet i 2012 å samla inn 300000 pr. år.er ikkje nådd. På Herdla var målet kr 26000.

Det er ynskjeleg å utvide gjevartenesta til også å omfatta kyrkjelydane sitt barnarbeid, som budsjetterast til kr.100000.

Hensikten med gjevartenesten er at den kjem frå enkeltmedlemar i kyrkjelydane. Utfordringen er å få fleire enkeltgjevarar. Budsjettet vert godkjent i møte med ledarane i sokneråda og fellesrådet.

Vi må reklamera meir for gjevartenesta og det er ynskjeleg at det vert utarbeid ei felles brosjyre for alle kyrkjelydane.

Det er ynskje om å starta opp speiderarbeid på nordre Askøy. Treng frivillige.

Neste møte vert **onsdag 10 februar.**

S Herdla 20.01.2016

*Reidun Håpoldøy.*

referent (sign)